



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for Mai 2019.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
54



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Vegard Gjerde
Visepres: Bjørn Teigene
Sekretær: Knut Strømsjordet
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem: Oskar Grimstad
Ansv.red.: Åge Nytun
Referent: Sverre Bjåstad

17. mai-song

Ver helse, dyre Minnedag,
med Bod fraa Eidsvolls Salar,
no raudnar tusund frie Flag
kringum i Norigs Dalar;
i By, ved blaae Fjord
stig Lovsong øgt i Kor,
i Hjarta Løgen brenn
med Takk til hine Menn,
som fremja Fridoms-verket!

Du Land i Nord med Snjo paa Fjell,
som vænt i Nattsol drøymer,
med Talarost i vaarljos Kveld,
mot deg vaar Kjærleik strøymer;
aa, gjev oss Kraft og Mod
te staa, som Feder stod,
med Truskaps Aand i Pakt
i Fred, paa Grensevakt,
ja, til vaart Norigs Æra!

Hans Reynolds (1920)

Dimo kan og utføre «flushing» av rør.

Referat frå Rotarymøte 6. mai 2019.

Anne Lorgen Riise som no bur i Bergen heldt eit interessant foredrag om MOWI, bedrifta der ho er HR-direktør. (Personalsjef og ansvarleg for interkommunikasjon). Hovudkontor i Bergen.

MOWI tok i 2019 tilbake namnet sitt etter at det i 2005 hadde fått namnet Marin Harvest.

Produksjon, foredling, sal og distribusjon av sjømat. Verdas største innan fiskeoppdrett og blir kontrollert av John Fredriksen.

Anne orienterte om omsetnad og tal på tilsette. På verdsplan 15 000 tilsette.

I MOWI Norway AS: 226 konsesjonar, 1600 tilsette i 104 kommunar. Region Midt er den største konsesjonen.

Det er eit full-integrert oppdrettsfirma, mat-egg-smolt.

Produksjonsland: Canada, Chile, England og Noreg. Dei opna fabrikk i Chile 2018.

Vidareforedlinga skjer oftast nær marknaden. «Ingen har det så travelt som ein daud laks». T.d. går det 2 døger til Japan for foredling. Det vert produsert dobbelt så mykje laks i Noreg som i dei andre landa til saman.

Sidan 70% av jordoverflata er sjø, reknar ein med at største auke i matproduksjonen på jorda vil kome i og på sjøen. Ein må satse på klimavennleg matproduksjon. Og det gjer MOWI.

Referat frå Rotarymøte 13. mai 2019.

Dugnad Rotarystien. I godt ver var det 17 som møtte til dugnad. Hovudsak rydding med saks.



Referat frå Rotarymøte 20. mai 2019.

Møtet opna som vanleg med song, og denne maidagen song vi: «Fagert er landet».

Program: « Velferdsteknologi i Hareid kommune», ved Hildegunn Utgård og Monica Småge Skeide.

Kva er velferdsteknologi? Målet med velferdsteknologi er å skape ein tryggare og enklare kvardag både for brukaren, pårørende og omsorgspersonell. Velferdsteknologi er ein fellesbetegnelse på tekniske installasjonar og løysingar som kan betre den enkelte si evne til å klare seg sjølv i eigen bustad, og hjelpe til å sikre livskvalitet og verdigheit for brukaren.



Hareid kommune er deltakar i det interkommunale nettverket Sjustjerna; eit samarbeid på Søre Sunnmøre, vidare er kommunen med i innkjøpsavtalar (ATEA). Har også kjøpt Sensio plattform og 95 digitale trygghetsalarmar.

I Hareid kommune jobbar dei no med å spreie informasjon, og forankre ideen om velferdsteknologi. Vidare held dei på med kartlegging/intervju/tenesteforløp ifht ulike teknologi, i første omgang multidosedispensar og digitalt tilsyn. Dei jobbar også med kartlegging av kablar og infrastruktur i kommunale bustader og institusjonar.

Dei har skifta ut alle analoge alarmar og driv og prøver ut ulike hjelpemiddel frå hjelpemiddesentralen, slik at ein kan bu lenger heime. utfordringane er ma forventningane om å kunne spare pengar på å ta i bruk denne velferdsteknologien. Dette gjeld også motstand/skepsis frå innbyggjarar om at «varme hender» skal erstattast av teknologi.

Lokal arbeidsgruppe i Hareid er:

Unni Bergsdal, konsulent velferd.

Monica småge Skeide, einingsleiar korttidsavdeling.

Tommy Anzrenberger, einingsleiar bu- og habilitering.

Hanne Marte Sukka, einingsleiar heimetenesta.



Referat frå Rotarymøte 27. mai 2019.

Programfritt møte.